

HØYRINGSFRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM SKULEREGLAR FOR GRUNNSKULANE I VOSS HERAD

Heimel: Vedteke av Heradsstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) §§ 10-7, 13-1 første ledd, 20-4 første ledd. Gjeldande forskrift om ordensreglar for skulane i Voss herad vert oppheva med verknad frå når ny forskrift trer i kraft.

§ 1 Føremål

Forskrifta skal bidra til at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og gir eit godt grunnlag for læring. Vidare skal forskrifta sikra lik sakshandsaming, og vera eit føreseieleg og tydeleg regelverk med skulereglar for både tilsette, føresette og elevar. Forskrifta skal sørgja for at elevar og føresette får ytra seg gjennom å vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdere skuleverksemda.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle grunnskulane i Voss herad og Voss vaksenopplæring så langt den passar. Forskrifta gjeld i skuletida når skulen har ansvaret for elevane (inkludert leksehjelp og skulefritidsordning), samt på skulevegen. Forskrifta gjeld òg på arrangement utanom skuletid og andre aktivitetar som er i regi av skulen, og ved bruk av skulen sin digitale infrastruktur utanom skuletida.

Kvar einskild skule kan ha eigne reglar tilpassa lokale forhold, så lenge dei ikkje er i strid med forskrifta. Rektor skal sørgja for at elevar, føresette og alle tilsette ved skulen er kjende med skulereglane og eigne lokale reglar ved starten av kvart skuleår.

§ 3 Skuledemokrati og organisering av skuledemokrati

Skulen må aktivt leggja til rette for at alle elevar skal kunna ytra seg, og oppmuntra dei til å delta i skuledemokratiet uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn. Skulen skal hjelpa elevane i arbeidet med skuledemokratiet. Kvar skule skal ha eit elevråd valt av elevane. Elevane kan velja å organisera seg på ein annan måte.

Kvar skule skal ha eit arbeidsutval (FAU) som er valt av foreldra på skulen. Foreldra ved skulen avgjer sjølv korleis arbeidsutvalet skal veljast og organiserast. Foreldra kan velja å organisera seg på andre måtar enn ved eit arbeidsutval.

Ved kvar grunnskule skal det vera eit samarbeidsutval (SU) som har rett til å uttala seg om skulereglar, forskrift om skulefritidsordning og lokale reglar. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og har ikkje slutningsmynde for skulen. Samarbeidsutvalet skal vera samansett av elevar, føresette, tilsette, rektor og politisk oppnemnd medlem. Rektor er sekretær for samarbeidsutvalet. Elevane skal ikkje delta i handsaming av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

§ 4 Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å verta høyrd

Kva som er best for eleven skal vera eit grunnleggande omsyn i alle saker som vert handsama etter denne forskrifta. Det skal og takast omsyn til eleven sin rett til å verta høyrd. Det skal leggjast vekt på meiningane til eleven etter alder og modning.

§ 5 Bruk av mobiltelefonar og smartklokker

Skulane i Voss herad skal vera mobilfrie i tråd med nasjonale tilrådingar. Smartklokker er sidestilt med mobiltelefonar. Mobilen skal vera sett på lydlaus eller slått av i skuletida, og ligga anten i ranselen eller leverast på mobilhotell om skulen har dette. Skulen kan gjera individuelle tilpassingar for einskildelevar ved særlege høve.

§ 6 Reglar for orden

Elevane skal:

Møta opp presist

Fylgja skulen sine reglar for melding av fråvær

Møta førebudd til opplæringa

Ha med naudsynt utstyr

Gjera arbeid til rett tid og overhalda fristar

Halda orden og ta vare på utstyr som vert brukt i opplæringa

Bidra til at klasserom og skulen sitt inne- og uteområde er ryddig og fritt for søppel

§ 7 Reglar for åtferd

Alle elevar skal visa vanleg god åtferd ovanfor alle medelevar og tilsette på skulen.

Elevane skal:

Fylgja med på undervisninga og delta aktivt

Bidra til å skapa eit positivt og inkluderande skule- og læringsmiljø

Ta omsyn til og visa respekt for medelevar og tilsette

Bidra til arbeidsro i opplæringa

Handsama undervisningsmateriell, bøker og utstyr forsvarleg

Visa nettvett og fylgja skulen sine reglar for bruk av digitale løysingar, digitalt utstyr og datautstyr.

Retta seg etter beskjedar frå tilsette ved skulen.

Åtferd som ikkje vert akseptert:

Å mobba eller på andre måtar krenka andre med ord eller handlingar

Digitale krenkingar/trakassering av andre elevar eller tilsette ved skulen

Å utøva, eller trua med vald eller andre straffbare handlingar

Ta med, bruka eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.

Ta med eller bruka farlege gjenstandar, våpen eller andre gjenstandar, som kan skremma eller skada andre, eller gjera skade på skulen sin eigedom.

Ta med eller bruka tobakksprodukt som snus, røyk, tobakk og elektriske sigarettar eller liknande (Voss vaksenopplæring kan ha eigne reglar om bruk av tobakksprodukt)

Fusk eller forsøk på fusk

Bruka plagg som heilt eller delvis dekkjer til andletet

§ 8 Reaksjonar ved brot på skulereglane

1. Munnleg irettesetjing
2. Inndraging av ulovlege gjenstandar
3. Merknad
4. Skriftleg åtvaring til elev og føresette
5. Skriftleg melding til føresette
6. Pålegg om å utføra oppgåver før eller etter skuletid, for å retta opp skade som eleven er ansvarleg for
7. Bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar
8. Bortvising for resten av dagen
9. Bortvising 1-3 dagar for elevar på 8.-10. årstrinn
10. Midlertidig eller permanent klassebyte
11. Midlertidig eller permanent skulebyte
12. Bortvising frå resten av kurset eller resten av modulen (gjeld Voss vaksenopplæring)

Fysisk refsing eller kollektiv straff er ikkje tillate.

§ 9 Vurdering av eleven sin orden og åtferd

På ungdomstrinnet kan brot på skulereglane føra til nedsett karakter i orden og åtferd. Karakterane i orden og åtferd vil som hovudregel verta sett ned ved gjentakande brot på ein eller fleire skulereglar. Ved alvorlege brot på skulereglane kan karakteren verta sett ned på grunn av einskildhendingar.

§ 10 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven, og eller eleven sine føresette verta erstatningsansvarlege for skaden etter skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

§ 11 Straffbare handlingar og ulovlege gjenstandar

Skulen ser alvorleg på hendingar der elevar tek med seg våpen på skulen, eller andre gjenstandar som kan vera farlege, nyttast til å utøve skade på andre eller virka skremmande. Inndregne gjenstandar kan etter vurdering av rektor verta levert til politiet. Dette gjeld òg rusmiddel eller narkotika. Føresette vert kontakta.

Av omsyn til tryggleiken til dei tilsette og elevane, vert straffbare handlingar som hovudregel melde til politiet og føresette vert kontakta. Slike handlingar kan vera nasking, vald, trugslar etc. For mindre alvorlege handlingar skal det takast ei konkret vurdering på om skulen skal melde saka til politiet. Rådmannen sender inn melding om straffbare handlingar til politiet.

§ 12 Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar

Skulen skal sørja for at avgjersla vert teke på eit forsvarleg grunnlag, og at saka er tilstrekkeleg opplyst.

Eleven har rett til å forklara seg munnleg for den som skal ta avgjersla. Skulen skal syta for at eleven får snakka med ein person som eleven føler han/ho kan stola på, og i ein situasjon som eleven opplever som trygg.

Avgjersla skal grunnjevast (ved avgjersla av særleg betydning skal grunngevinga vera skriftleg).

Det er rektor som avgjer om reaksjon 6,8 og 9 i § 8 skal nyttast. Rektor eller den rektor delegerer ansvaret til, tek avgjersla om reaksjonane 1-5 og 7 i § 8 skal nyttast.

Bortvising kan nyttast ved fleire eller grove brot på skulereglane.

Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Ein elev på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar frå 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Føresette skal då varslast før eleven vert vist bort.

Ved Voss vaksenopplæring kan deltakarar visast bort frå resten av kurset eller modulen dei er tatt inn på, dersom regelbrota er særleg alvorlege. Ein deltakar skal ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Kommunalavdeling oppvekst ved Kommunalsjef fattar vedtak om midlertidig eller permanent skulebyte.

Reaksjonane i § 8 punkt 8-12 fell innunder reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova. Reglane i forvaltningslova kapittel IV- VI gjeld for enkeltvedtak. Eit enkeltvedtak kan klagast på, og klagen skal sendast til den som har skrive vedtaket. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.

§13 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024